



Helse Vest RH
v/styreleiar Oddvard Nilsen
Pb 303
4066 STAVANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
08/1740-33		Arild Ingar Lægreid	57665005	K2-G00	16.01.2012

Vedrørende jordmorstyrt fødestove ved Lærdal sjukehus

Eg syner til møte mellom deg og ordførarane i Årdal og Lærdal, samt rådmannen i Lærdal i Bergen den 3.11.2011, der vi uttrykte skuffelse over at Helse Førde ikkje vil etablere jordmorstyrt fødestove ved Lærdal sjukehus.

Til orientering hadde ordførarane i dei to kommunane tilsvarande møte med statssekretær i Helse- og omsorgsdepartementet Robin Martin Kåss den 16.11.2011. Sistnemnde møte kom i stand etter førespurnad til helseministaren.

Vi er kjende med at Helse Vest skal gjere vedtak om fødetilbodet i Lærdal 1. februar 2012. I den samanheng vil vi på nytt understreke alvoret i situasjonen som oppstår for fødande i Årdal, dersom tilbodet ved Lærdal sjukehus vert avvikla.

M.o.t. rekruttering av jordmødre, syner vi nok ein gong til at det var lite som stod att (mindre enn 100% stilling) før ein hadde på plass eit tilstrekkeleg antal. Vi meiner òg at det er ein veikskap i Helse Førde sitt arbeid at ein ikkje har vurdert samarbeid over grensene mellom helseforetaka. Det er rimeleg å tru at Voss sjukehus uansett vil spele ei stadig viktigare rolle for befolkninga i kommunane på sørsida av fjorden. Vi har difor forventningar til at styret i Helse Vest ser denne samanhengen.

Vi syner òg til at arbeidet med å etablere eit lokalmedisinsk senter i tilknytning til Lærdal sjukehus er godt i gang og at utgreiingsarbeid for etablering av felles legevakt mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland vert slutført i desse dagar. Tilrådinga frå arbeidgruppa er at felles legevakt må etablerast som eit første steg i etableringa av lokalmedisinsk senter. Samla sett ser vi difor føre oss eit robust fagmiljø på og i tilknytning til Lærdal sjukehus. Innanfor ein slik heilskap vil dei fødande i regionen vere sikra eit trygt tilbod ved at jordmorstyrt fødestove blir etablert, i samsvar med Regjeringa sin vilje, slik vi har oppfatta det.

Vi set no vår von til at Helse Vest skal gjera eit vedtak til beste for befolkninga i Årdal og omkringliggjande kommunar.

Med helsing

Årdal kommune

Arild Ingar Læg Reid

Ordførar

57665005

arild.ingar.laegreid@ardal.kommune.no



Kopi: Statssekretær Robin Martin Kåss, Helse- og omsorgsdepartementet